

## ÅRSMELDING 2009 VENER AV MJØSVÅGEN

Godkjend av årsmøtet 12.4.2010

Vener av Mjøsvågen har 29 betalende medlemmer, både grunneigarar, brukarar og andre interesserte.

2009 var eit aktivt og godt år for Vener av Mjøsvågen med stor og god aktivitet, men me lukkast diverre ikkje å kom med vidare som eit 3-årig livOGLyst-prosjekt.

### Frå aktivtetskalendaren

#### Sesongopning 24. mai 2009 kl 17

Galleri Mjøsvågen: "Augon & døtre"  
Augon Johnsen med døtrene, Åshild og Mari.  
Gunnar Stålesen opnar utstillinga.

Galleri Mjøsvågen, Mjøsvågen kafe og Treskoverkstaden ope søndagar kl.15.00 -18.00 frå 24. mai t.o.m. 23.august 2009.  
Galleri Mjøsvågen også ope laurdagar kl.15.00 -18.00.

#### D/S Oster kjem til Hosanger laurdag 6. juni 2009

Laurdag 6.6.09 er det Torgdag i Bergen.  
D/S Oster tek med seg passasjerar frå Hosanger kl 08.00 om morgonen.  
På returen vert D/S Oster frå ca kl 18.00 liggjande til kai ved Hosanger dampskipsbryggja, slik at passasjerande kan vitje Galleri Mjøsvågen og Treskoverkstaden.  
D/S Oster er open for publikum med sal av kaffi og nysteikte vaflar.  
Vel møtt til alle!

#### Kyrkjekafe søndag 14. juni kl 12.00

Etter gudstenesta i Hosanger kyrkje kl 11.00 er alle velkomne til kyrkjekafeen som er open til kl 18.00.

#### Utstillingsopning søndag 21. juni kl 14.00

Opning av ny utstilling i Galleri Mjøsvågen; The house of Mothers.  
For salg PORTRETT LAGA AV INGEBORG LOVEN NOREKVAL OG STIG ARILD HANSEN. KURATOR KJELL-ERIK RUUD.

Samstundes opnar UTSTILLING AV KISTER LAGA I MJØSVÅGEN frå siste del av 1800-talet og framover.  
Musikk ved opninga.  
Open kafe og treskoverkstad frå kl 15.00.

#### Kyrkjekafe søndag 5. juli kl 12.00

Etter gudstenesta i Hosanger kyrkje kl 11.00 er alle velkomne til kyrkjekafeen som er open til kl 18.00.

#### Kyrkjekafe søndag 26. juli kl 12.00

Etter gudstenesta i Hosanger kyrkje kl 11.00 er alle velkomne til kyrkjekafeen som er open til kl 18.00.

#### Utstillingsopning søndag 8. august kl 15.00

Opning av ny utstilling i Galleri Mjøsvågen; Ullne rom. I

tilknytning til utstillinga er det aktivitetar med ull og eventyr for born.

#### Kyrkjekafe søndag 16. august kl 12.00

Etter gudstenesta i Hosanger kyrkje kl 11.00 er alle velkomne til kyrkjekafeen som er open til kl 18.00.

#### Mjøsdalsdagane fredag, laurdag og søndag 21. - 23. august

Tradisjonen tru skipar Mjøsdalen grendaråd til Mjøsdalsdagar som inngår i Kystsogevekene.  
Fredagskvelden vert det kyrkjekonsert.  
Kl 20.00 i Hosanger kyrkje. Unge musikarar - unge tonar.  
The Ritz Band saman med Steinar Hjelmbrække (rock) og Katrin Standnes (jazz).  
Arr: Hosanger sokneråd og Mjøsdalen musikkverkstad.  
Laurdag vert det konkurransar, leik, servering og underhaldning på kaia.  
Kl 12.00 - 14.00 Fiskekonkurranse. Påmelding frå kl 11.30.  
Kl 16.00 Stafett, m.a. etappar med treskospringing og symjing.  
Galleriet, treskoverkstaden og kafeen er opne frå kl 14.00 - 18.00.  
Laurdag ettermiddag vert det konsert i kafeen.  
Kl 18.00 Marthe Valle, spelemannsprisvinnar 2005.  
Kl 21.00 Pubkveld i ungdomshuset.  
Søndag er det gudsteneste inst i Kossdalen kl 12.00.  
Mjøsvågen kafe er open frå kl 14.00 til 18.00. Galleriet og treskoverkstaden er opne frå kl 15.00 til 18.00.  
Kl 14.00 Kulturvandring rundt Mjøsvågen.  
Kl 12.00 - 15.00 Fabrikkutsal hjå Norlænder Knitwear.

#### Galleri Mjøsvågen

August: målarkurs  
Oktober - Desember 2009: Kreative treff, kvar måndag kl 12-19 er gallerihuset ope for publikum

**Galleri Mjøsvågen** har elles gjennom året hatt fleire tilbod/tiltak i eigen regi.

På våren hadde me ei vandring i **Kossdalen** for interesserte medlemmer med sikte på å kunne tilby guida turar.

Me prøvde å få til ny **Markakunst**, men lukkast ikkje i å få nok deltakarar.

#### Marknadsføring/ omtale

Også i 2009 gav med ut ein flott **faldar** som Siren Bysheim har hatt ei god hand om.

Under kom-an.no har me gratis nettside som du kjem til via [www.mjoesvagen.no](http://www.mjoesvagen.no) og [www.mjoesvagen.no](http://www.mjoesvagen.no) Lars Mjøs er redaktør.

Galleri Mjøsvågen har eiga heimeside; [www.gallerimjoesvagen.no](http://www.gallerimjoesvagen.no)

Galleri Mjøsvågen ved Else Karin Bysheim driv svært aktiv og god epostmarknadsføring.

Døme på **medieomtale**:

Bergens Tidende 21.4.2009: Brakjeportalen  
Bygdanytt, mai 2009: Sesongstart i galleri Mjøsvangen.  
Bygdanytt 26.5.2009: Varg Veum på galleri-veggen.  
Bygdanytt 14.8.2009: Kreativ boltreplass. Frå målekurs.  
Bygdanytt august 2009: Fleire oppslag i samband med Mjøsaldagane, både rockekonserten i kyrkja og intimkonserten i kafeen.

## LivOglyst i Mjøsvangen og livOglyst i Hosanger

Me var heldige i 2008 som kom med i livOglyst-programmet som eittårig prosjekt og hadde Åse Nilssen engasjert på deltid som prosjektleiar frå 20.5.08 fram til 26.5.09.

Ho har gjort mykje godt motivasjons-, registrerings- og systemiseringsarbeid og har skreve ei rekkje søknader og me skulle gjerne hatt ho til å halde fram med dette arbeidet. Men våren 2009 fekk me ikkje utvida med støtte til eit 3-årig prosjekt. Me fekk halde fram som «assosiert medlem», med eit tilskott frå livOglyst på kr 20.000 og oppmoding om å søke på nytt neste år.

Regionalt næringsfond for Osterfjord ytte vinteren 2009 3 x kr 20.000 som «kommunal» medverknad som grunnlag for eit 3-årig livOglyst-prosjekt. Dette står ved lag som grunnlag for ny søknad. Me engasjerte Åse Nilssen for hjelp til å utvikle og skrive ny søknad. Delar av denne jobben har ho gjort på dugnad. Me har fått god oppfølging frå livOglyst og 8.3.10 vart ny søknad innlevert. Osterøy kommune er positive til å delta i styringsgruppa for prosjektet. Me har invitert fleire av laga i bygda til deltaking i eit lokalsamfunnsutviklingsprosjekt med eit breiare grunnlag enn søknaden året før og responsen er god. Me søker no om støtte til prosjektet «livOglyst i Hosanger». Det vert elles vist til statusrapport og søknad.

## Nyetableringar

Vår prosjektleiar, **Åse Nilssen**, har starta sitt eige firma, **Roots & Heritages in Norway**. Ho har 2 dagar for veka tilhald hjå Galleri Mjøsvangen i Skjeringahuset. Sjå nærare informasjon på [www.mjosvangen.no](http://www.mjosvangen.no).

Else Karin Bysheim har teke initiativ til skiping av eit kunstlag. **Osterøy kunstlag** vart skipa 25.1.2010 og vil ha aktivitetar m.a. i Mjøsvangen og i samarbeid med Osterøy bibliotek.

## Restaurering

Også i 2009 vart det gjort restaureringsarbeid i Mjøsvangen. Eigaren av Skjeringahuset, Anne Christine Kjøs, fekk isolert huset og bytta kledning, vindauge og dør. Ved hjelp av grøfting i samband med Vener av Mjøsvangen sitt toalettbygg vart det også installert Jets vakuuttoalett i bygget. Dette vart eit fint løft for miljøet, også gjennom at Galleri Mjøsvangen har fått leige huset og har hatt mange aktivitetar der.

Hosanger Montessoriskule har hatt eit prosjekt med restaurering av grunnane etter huset og floren oppe på

Skjeringa.

## Kulturminneregistering

Vener av Mjøsvangen er deltakar i Osterøy museum sitt prosjekt «Kvardagsspor i landskapet». På bruk 89/5 på Mjøs er smia, kisteverkstaden (galleri) og maskinhuset (kafe) registrerte på Museumssenteret i Hordaland sine heimesider.

Else Karin Bysheim og Åse Nilssen har intervjuet og gjort opptak av fleire av dei eldste i bygda om liv og hendingar før i tida. Dette er svært verdfull dokumentasjon.

## Toalettbygg

Osterøy Entreprenør AS vart engasjert til å grave ut grunnen og har spona oss med halve kostnaden. Osterøy Entreprenør vart også engasjert til å støype grunnmurar, herav 2 veggjar i full høgde. Bygget er reist og grøfter er grave på dugnad. Me har fått Jets vakuuttoalettstyr frå Mjøs Metallvarefabrikk AS. Dette gjorde m.a. at me kunne unngå å grave oss gjennom riksvegen. Frametter våren 2010 vil me støype golv, gjere ferdig innreiinga og legge helle-/ skifertak. På heimesida vår har me eit oversyn over sponsorar.

## Tilskott og støtte

Forutan tilskott og støtte som er nemnd andre plassar, fekk Vener av Mjøsvangen kr 5.000 av kommunale kulturmidlar til tiltak for born og unge. Me har engasjert Galleri Mjøsvangen til gjennomføring av tiltaket. Mjøsvangen kafe har motteke 2 x kr 5.000 i anonym gåve.

## Styret

Styret har vore slik samansett:  
Lars Mjøs, styreleiar  
Veslemøy Gullachsen, nestleiar  
Inge Rune Fanebust, kasserar  
Kari Mjøs, skrivar  
Lovise Nilssen-Hole  
Varamedlemer:  
Else Karin Tysse Bysheim  
Aslaug Lønsethagen  
Øystein Hole

Invitert: Åse Nilssen (både som tilsett prosjektleiar og som «frivillig»).

Styret har hatt **7 styremøte**; 16.3., 16.4., 26.5., 20.10. og i 2010; 18.1., 8.2. og 12.4.

Styret spurte Lars Magne Bysheim om å vere **revisor** og me er glade for at han takke ja. Kasseraren har hatt god hjelp av Olga Marie Fanebust til **rekneskapsføringa**.